

# Referat frå møte i FAU ved Nesflaten Oppvekstsenter

Torsdag 29.nov - 2018

## Desse møte:

Aud Nora Kaldbekkdalen, Kolbein Havrevoll, Vidar Austarå, Nina Bjørnetun, Ann Elisabeth Langeland og Kjersti e Tveit

### Sak 1: **Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.**

- Ingen merknad.

### Sak 2: **Informasjon frå kommunalt FAU-møte 15.sep.** Ann Elisabeth og Kjersti møtte der.

#### 2.1 Skuleskyss i kommunen

Tide har overtatt skulekøyninga etter Suldal Billag. I oppstarten var det mykje rot og manglar i kommunen, men no ser det ut til og ha gått seg til. Tide og Kolombus oppfordrar foreldre til og ta direkte kontakt om det skulle oppstå problem.

#### 2.2 Stolar

Etter initiativ frå Sand skule er det ønske om at kommunalt FAU skal be om at gode stolar til elevane skal kjøpast inn der det ikkje er tilfredstillande. Dette er ein stor kostnad som ikkje vert prioritert på dei enkelte skulane, og som kanskje bør setjast av på eit anna budsjett. Alle skulane sjekkar situasjonen på sine skular.

- Hos oss har me ein grundig og god rapport frå fysioterapeut som seier at stolane på alle trinn er gode, og elevane får hjelp til og tilpasse dei. Likevel er stolane på ungdomskulen slitte og gamle, og bør fornyast.

#### 2.3 Gradering av SFO-pakkar

I vedtekter for skulefritidsordninga i Suldal kommune, *gjeldande frå 01.03.2018 står det: Rektor ved den einskilde SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurdere lokale tilpassingar.* Dette vert praktisert ulikt rundt om i kommunen, og KFAU ønskjer og høyre korleis situasjonen er på dei ulike skulane. Dei ynskjer og at ordninga vert evaluert.

- Ann Elisabeth sjekkar om foreldra i 1. -4. klasse har noko kommentar til dette.

#### 2.4 Foreldremøte «Psykologisk førstehjelp»

- Foreldremøtet er sett opp på kveldstid 28.januar på Jelsa/Erfjord og 29.januar på Suldalsosen

Me oppfordrar flest mogleg foreldre til og møte!

### Sak 3: **Juleavslutning tysdag 18.desember**

Programmet startar i kapellet 17.00 og fortset inne i gymsalen ca 18.00. Fau har ansvar for dekking/pynting, inngangspenger og matservering. Me føyl same opplegget som i fjor med kaker, klementin, saft og kaffe. 50 kr for vaksne, over 10.kl.

- Rigge bord og pynte borda. Ann Elisabeth sjekkar med skulen om dei ordnar det i år og.
  - Vekslepenger og inngangspenger: Nina
  - Handle varer: Kjersti
  - Plakat: Ann Elisabeth
  - Kaker: Mørk kake: Vidar, Anne Elisabeth og Kolbein. Lys kake: Aud Nora, Nina og Kjersti
- FAU møter 16.30. Ikkej alle kan møte då, så ein spør varamedlem Gunhild og Erik om dei kan vere med frå 16.30 – 18.00

#### Sak 4: **Elevkveld**

Skulen gjennomførte nyleg første elevkveld med pizza og leik i gymsalen. Ungane var fornøgde med arrangementet.

Me vil lage til neste elevkveld, og siktar oss inn mot torsdag 31.januar. Me ser føre oss taco og aktiviteter i gymsalen. Kven kan betale for maten? Ann Elisabeth sjekkar med skulen.

#### Sak 5: **Ymse**

##### **Uteområdet**

Uteområdet tek form, og ser veldig bra ut! Me lurar på om det er/ kva som er tenkt av tilbud til ungdomskuleelevane?

Anleggsarbeid blant elevane? Er dette sikra nok? Foreldre har oppfatta det som trygt, men det er store maskiner og små elevar.

##### **Trafikk kontroll**

I haust var politiet ved skulen og gjennomførte kontroll av kjøretøy, deriblant skulebussane. Er det noko rapport frå denne kontrollen?

##### **Skuleball**

Vert det skuleball for ungdomskuleelevane i år?

Skrivar

Kjersti E Tveit